



Notat

Dato: 21.08.2015
Arkivsak: 2014/12154-10
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2. kvartal 2015

Samandrag

Sjukefråværet auka markant i andre kvartal, frå 5,38 prosent i 2014 til 5,90 prosent i 2015, ein auke på 9,7 prosent. Både eigenmeldt og legemeldt fråvær, og fråvær blant kvinner og menn, har gått opp.


Fråværet har gått opp i fem av avdelingane (Eigedomsavdelinga, Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kulturavdelinga og Opplæringsavd), medan det er redusert i tre (Regionalavdelinga, Tannhelsa og Bybanen utbygging). Av stillingsgruppene har tannhelsesekretærar, tannlegar, driftspersonell og leiarar i fylkesadministrasjonen redusert fråvær sidan andre kvartal 2014, medan pedagogar, rådgjeverar, reinhaldarar og miljøarbeidarar har auka sjukefråværet sidan i fjor.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen «HR Analyse» i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje med i sjukefråværsstatistikken.

Sjukefråværsutviklinga over tid


Diagram 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 2.kv. 2012 – 2.kv. 2015



Fråværet i andre kvartal 2015 var på 5,90 prosent, mot 5,38 prosent i andre kvartal 2014. Dette utgjør ein auke på ca. 9,7 prosent. Fråværet andre kvartal i år er det høgaste andrekvartalstalet sidan 2011, då det vart oppgitt til 5,9 prosent.

Kjønnsfordeling


Diagram 2 Sjukefråvær i heile HFK fordelt på kjønn, 2. kvartal 2014 - 2015



Sjukefråværet for kvinner gjekk opp frå 6,60 til 7,30 prosent andre kvartal, ein auke på 10,6 prosent. For menn auka fråværet frå 3,82 til 4,09 prosent, ein auke på 7,2 prosent. Kvinnene har med dette 78,5 prosent høgare fråvær enn menn, dette er større forskjell enn tidlegare. Det er særleg i Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Samferdselsavdelinga og Opplæringsavdelinga at vi har markant auka fråvær blant kvinner. I Tannhelse og Regionalavdelinga er fråværet blant kvinner redusert dette kvartalet.

Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråvær

Diagram 3 Sjukefråvær i heile HFK etter fråværestype, 2. kvartal 2014 - 2015.



Ein ser av diagram 3 at både eigenmeldt og legemeldt fråvær har auka. Eigenmeldt fråvær har auka med 12,7 prosent, medan legemeldt har auka med 9,3 prosent. Eigenmeldt fråvær held seg likevel på eit moderat nivå, sjølv om det stadig vert oppmoda om at tilsette i større grad skal nytte eigenmelding framfor legemelding ved korte sjukefråvær.

Fordeling på dei ulike avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere meir utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

Diagram 4 Sjukefråvær i HFK fordelt pr. avdeling

	2. kvartal 2014	2. kvartal 2015	Differanse	Differanse %
Hordaland fylkeskommune	5,38 %	5,90 %	0,52	9,7 %
EIGEDOMSAVDELINGA	4,70 %	5,04 %	0,34	7,1 %
ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA	5,60 %	7,09 %	1,49	26,6 %
REGIONALAVDELINGA	2,99 %	2,89 %	-0,10	-3,3 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	3,57 %	7,19 %	3,63	101,7 %
BYBANEN UTBYGGING	6,19 %	4,34 %	-1,85	-29,9 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	4,11 %	4,88 %	0,77	18,7 %
TANNHELSEAVDELINGA	7,94 %	5,97 %	-1,97	-24,8 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	5,26 %	5,93 %	0,68	12,9 %

På grunn av omorganiseringa av Økonomiavdelinga og Organisasjonsavdelinga til Økonomi- og organisasjonsavdelinga og Egedomsavdelinga frå 1. juni 2015, er statistikken noko usikker for desse einingane. Det er likevel grunn til å følgje opp utviklinga i den nye Økonomi- og organisasjonsavdelinga, som saman med Samferdselsavdelinga (inkl. Skyss) har det høgaste fråværet i HFK.

Som nemnt i oversikta frå første kvartal er Skyss råka av ei opphoping av langvarig sjukdom som i liten grad har samanheng med arbeidsmiljø og arbeidsbelastning, men som verkar inn på langtidsfråværet i Samferdselsavdelinga. For Økonomi- og organisasjonsavdelinga er det det middels lange fråværet som er høgare enn gjennomsnittet. Her er sjukefråværet dominert av kroniske sjukdommar, alvorleg akutt sjukdom og planlagde operasjonar.

Tannhelseavdelinga (det vil her seie heile Tannhelsa) har dei siste fire kvartala fått redusert fråvær. Det er første gong på svært mange år at ein her er nede i under seks prosent sjukefråvær. Også Regionalavdelinga og Bybanen utbygging har redusert fråvær dette kvartalet.

Stillingsgrupper

Diagram 5 Sjukefråvær i heile HFK, fordelt på stillingsgrupper, 2. kvartal 2014 - 2015




Diagram 5 viser som vanleg stor variasjon mellom yrkesgruppene, både i nivå og tendens. Sjukefråværet er dette kvartalet markant redusert for tannhelsesekretærer, tannlegar, driftspersonell og leiarar i fylkesadministrasjonen.

Som tidlegare ligg reinholdarar og miljøarbeidarar høgt, desse gruppene har auka noko sidan 2014.

Tannpleiarar har hatt ein kraftig auke, men dette er ei lita gruppe (vel 50 personar) og ein må derfor vere varsam med tolking av prosenttal.

For den store gruppa med pedagogar er auken på over 20 prosent urovekkande. Også rådgjevarane har auka kraftig (over 30 prosent) og har no eit uvanleg høgt sjukefråvær. Skuleleiarar har auka markant prosentvis, men har framleis eit relativt lågt sjukefråvær.